



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



# Skysselement for elevar i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Gjeldande frå august 2009



<b>1</b>	<b>VERKEOMRÅDE, LOVHEIMEL MED MEIR</b> .....	<b>1</b>
1.1	Verkeområde .....	1
1.2	Lovheimel.....	1
1.3	Lærlingar, lære kandidat og studentar ved fagskular .....	1
1.4	Definisjonar .....	1
<b>2</b>	<b>VILKÅR FOR Å FÅ FRI SKULESKYSS</b> .....	<b>2</b>
2.1	Avstand mellom bustad og opplæringsstad.....	2
2.2	Farleg skuleveg .....	2
2.3	Båtskyss .....	2
<b>3</b>	<b>SKYSSGODTGJERSLE</b> .....	<b>2</b>
3.1	Full skyssgodtgjersle .....	2
3.2	Privat skyss .....	3
3.3	Privat skyss i forlenging av offentleg skyssmiddel.....	3
<b>4</b>	<b>SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER</b> .....	<b>3</b>
4.1	Skyss for elevar med varig funksjonshemming .....	3
4.2	Skyss i samband med mellombels skade eller sjukdom .....	4
4.3	Skyss ved alternativ opplæring/ oppfølgingsteneste (OT) .....	4
<b>5</b>	<b>ELEVEN SIN BUSTAD</b> .....	<b>5</b>
5.1	Folkeregistrert adresse/ hybel.....	5
5.2	Heimreiser i helgar og feriar .....	5
5.3	Delt dagleg omsorg.....	5
5.4	Elevar i fosterheim i eige fylke.....	5
5.5	Elevar i fosterheim i anna fylke .....	5
5.6	Avlastningsheim for funksjonshemma elevar.....	6
<b>6</b>	<b>ELEVEN SIN SKULE</b> .....	<b>6</b>

6.1	Utdanning i andre fylke .....	6
6.2	Praksis/utplassering.....	6
6.3	Undervisning flere stader .....	7
6.4	Ekskursjonar/ prosjektoppgåver.....	7
7	<b>SKYSSTANDARD</b> .....	7
7.1	Gangavstand.....	7
7.2	Reisetid og ventetid .....	7
8	<b>SKYSSKORT</b> .....	8
8.1	Søknadsfrist .....	8
8.2	Skysskort.....	8
8.3	Misbruk av skysskort.....	8
8.4	Skyss som avvik frå ordinære skuletider .....	8
9	<b>INFORMASJONSPLIKT</b> .....	9
10	<b>VEDTAK OG KLAGERETT</b> .....	9
11	<b>ØKONOMISK ANSVAR</b> .....	9
12	<b>SAMORDNING</b> .....	9
13	<b>ADMINISTRASJON/ ORGANISERING</b> .....	10

# **1 VERKEOMRÅDE, LOVHEIMEL MED MEIR**

## **1.1 Verkeområde**

Reglementet gjeld for elevar som i følgje folkeregisteret er busett i Sogn og Fjordane og som fell inn under Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

Reglementet gjeld for elevar ved privat eigde vidaregåande skular som fell inn under Lov om frittstående skular (friskulelova), men berre innanfor fylkesgrensa til Sogn og Fjordane.

Delkurselevar kjem inn under reglementet på lik line med heilkurselevar.

Reglementet gjeld for elevar som går i vidaregåande skule etter omval.

Vaksne som er tekne inn i vidaregåande skule på ordinært inntak kjem inn under reglementet. Reglementet gjeld ikkje for vaksne som går på vaksenopplæringskurs eller som får særskild organisert og tilrettelagt opplæring.

Framandspråklege elevar som går på språkkurs ved ein vidaregåande skule fell ikkje inn under opplæringslova og reglementet gjeld difor ikkje desse elevane.

## **1.2 Lovheimel**

Skyss av elevar i vidaregåande skule er lovregulert i opplæringslova §§ 7-2, 7-3, 7-4 og 13-4 med tilhøyrande forskrifter.

## **1.3 Lærlingar, lære kandidat og studentar ved fagskular**

Reglementet gjeld ikkje for lærlingar. Lærlingar blir ikkje definert som elevar i følgje opplæringslova og har difor ikkje rett på skyss. Elevar som får slutt opplæring på skule og ikkje i bedrift, framstiller seg til fag- eller sveineprøva som elevar, har rett til skyss som andre elevar. Lærlingar, som får opplæring på skule dagar dei ikkje arbeider i bedrift, har rett til skyss dagane dei er på skulen.

Reglementet gjeld ikkje for studentar ved fagskular.

## **1.4 Definisjonar**

Skuleskyss vert definert som dagleg transport mellom bustad og opplæringsstad til ordinære start- og sluttider.

Opplæringsstaden er i utgangspunktet den vidaregåande skulen eleven er teken inn. Kan óg vere eit mellombels undervisningslokale. Utplasseringsstad er opplæringsstad.

Elev er ein person som er teken inn i den vidaregåande skulen, og som har teke imot plassen.

## **2 VILKÅR FOR Å FÅ FRI SKULESKYSS**

### **2.1 Avstand mellom bustad og opplæringsstad**

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-2 og 7-3

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2

Elevar i vidaregåande skule som har ein avstand på 6 km eller meir frå bustad til opplæringsstad, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. Brøytt gangveg tel med i avstandsmålinga. Ved tvilstilfelle vert faktiske avstandar fastsett ved hjelp av oppmåling med digitale verktøy (GIS). Målingar med GIS vert rekna som korrekte.

For funksjonshemma, mellombels skadde eller sjuke elevar og for elevar som må nytte båtskyss gjeld ikkje krava til minsteavstand.

### **2.2 Farleg skuleveg**

Elevar som har ein avstand på mindre enn 6 km frå bustad til opplæringsstad har ikkje rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle sjølv om dei grunngjev søknaden med farleg skuleveg.

### **2.3 Båtskyss**

Kjelde: Opplæringslova § 7-2

Når det er naudsynt, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda.

## **3 SKYSSGODTGJERSLE**

### **3.1 Full skyssgodtgjersle**

Kjelde: Opplæringslova § 7-2

Forskrift til opplæringslova §§ 10-1 og 10-2

Fylkeskommunen kan velje om eleven skal få gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Full skyssgodtgjersle inneber at fylkeskommunen refunderer reiseutgifter i høve til bruk av privat køyretøy eller rimelegaste offentlege transportmiddel.

Skyssgodtgjersle vert utbetalt pr elev.

Skyssgodtgjersle vert betalt for strekninga frå bustaden til den staden kor det eksisterar høveleg rutegåande transport, eventuelt heilt fram til opplæringsstaden. I dei tilfella føresette utføre skuleskyssen, pliktar fylkeskommunen berre å betale for den strekninga eleven er med, det vil sei ein tur/retur pr dag. Dersom forsyntar køyrer eins ærend får vedkomande dekka reise både tur og retur. I tillegg kjem passasjer tillegget. Reiseutgiftene vert refundert etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling. Den er pr mai 2009 kr 1,90 pr km + kr 0,30.

Skulen skal gå gjennom og attestere søknader om skyssgodtgjersle. I tillegg er skulen ansvarleg for kontrollar (til dømes faktiske avstandar) som er naudsynte for å stadfeste at dei opplysningar som er gjevne i søknaden er rette.

### **3.2 Privat skyss**

Kjelde: Opplæringslova § 7-2

Forskrift til opplæringslova §§ 10-1 og 10-2

Fylkeskommunen kan i spesielle høve, når avstanden mellom bustad og opplæringsstad for ein elev er minst 6 km, gje skyssgodtgjersle for bruk av privat skyssmiddel.

Høve til å nytte privat skyss vert gjeve til:

- a) Elevar som bur slik til at det ikkje er råd å nytte offentleg transportmiddel.
- b) Elevar som ved bruk av offentleg skyssmiddel får meir dagleg reisetid enn nemnt i punkt 7.2.
- c) Elevar som må levere barn i barnehage.

Ved privat skyss vert det refundert reiseutgifter etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling. Dei er pr mai 2009 kr 1,90 + kr 0,30 for passasjer. Utgifter til ferje og bompengar vert dekte i tillegg dersom utgiftene vert dokumenterte. For elevar som nyttar eigen båt vert det refundert reiseutgifter etter staten/kommunane sitt reiseregulativ for båt.

Søknad om privat skyss skal sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved regionalavdelinga. Refusjon av utgifter skjer etter at kvart semester er avslutta og skulen har stadfesta tal fram møtedagar eleven har hatt, som regel i februar og august.

### **3.3 Privat skyss i forlenging av offentleg skyssmiddel**

Kjelde: Forskrift til opplæringslova § 10-2

Når avstanden mellom bustad og skyssmiddel er meir enn 4 km kan fylkeskommunen gje skyssgodtgjersle til privat skyss i forlenging av skulerute eller ordinær personrute.

Søknad om privat skyss i forlenging av offentleg skyssmiddel skal sendast til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved regionalavdelinga. Refusjon av utgifter skjer etter at kvart semester er avslutta og skulen har stadfesta tal fram møtedagar eleven har hatt, som regel i februar og august.

Refusjon av reiseutgifter er etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling. Den er pr mai 2009 kr 1,90 pr km + kr 0,30 for passasjer.

## **4 SKYSSRETT FOR SÆRSKILDE ELEVGRUPPER**

### **4.1 Skyss for elevar med varig funksjonshemming**

Kjelde: Opplæringslova § 7-3

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-1998) til § 7-3

Elevar med varig funksjonshemming, som etter sakkunnig vurdering frå lege eller psykolog treng skyss, får dagleg skyss utan omsyn til minsteavstand. Dersom eleven sin helsetilstand tillet det,

skal det nyttast offentleg skyssmiddel. Ruteselskapa har ansvar for å skipe transportopplegg for funksjonshemma elevar i samråd med fylkeskommunen. Funksjonshemma elevar som treng særskild skyss må vera innmelde til ruteselskapa og fylkeskommunen innan 1. mai før skuleåret tek til.

Når foreldre/føresette syter for skyssopplegget, vert det gjeve refusjon etter staten sitt reiseregulativ for bruk av eigen bil.

Privat skyss kan utførast av følgjeperson/assistent dersom sakkunnig lege eller psykolog finn det naudsynt. Slik skyss vert refundert etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling. Satsane er pr mai 2009 kr 1,90 + kr 0,30 for passasjer.

Fylkeskommunen ved opplæringsavdelinga dekkjer eventuell løn for følgjeperson/assistent til elevar med varig funksjonshemming.

#### **4.2 Skyss i samband med mellombels skade eller sjukdom**

Kjelde: Opplæringslova § 7-3

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-1998) til § 7-3

Skulane syter for skyss til elevar som på grunn av mellombels skade eller sjukdom ikkje kan koma til opplæringsstaden på vanleg måte, men som elles kan følgje undervisninga. Før slik skyss vert gjeve, må legeattest liggje føre, og skuleskyss kan berre gjevast i det tidsrommet legen har stadfesta at det er naudsynt.

Dersom eleven sin helsetilstand tillet det, skal det nyttast offentleg skyssmiddel. Skulen prøver i samarbeid med ruteselskapet å kombinere ekstra skyss med etablerte skyssopplegg. I slike høve kan det nyttast drosje eller privat skyss som tilføringsskyssmiddel. Dersom det er naudsynt med ekstraskyss parallelt med offentleg oppsett skulerute eller ordinær personrute, skal dette gå fram av legeattesten.

Dersom foreldre, føresette eller andre utføre skyssen, vil skyssutøveren få refundert skyssgodtgjersle etter folketrygda sine satsar for reise i samband med undersøking og behandling. I tillegg kjem passasjer tillegget den strekninga eleven er med. Satsane er pr mai 2009 kr 1,90 + kr 0,30 for passasjer.

Skuleskyss i samband med skade eller sjukdom må ikkje rekvirerast utan avtale med skulen.

Skulen sender rekning saman med legeattest til fylkeskommunen ved regionalavdelinga som refunderer utgiftene fortløpande.

#### **4.3 Skyss ved alternativ opplæring/oppfølgingsteneste (OT)**

Kjelde: Forskrift til opplæringslova § 13-1

Opplæringslova § 7-2

Elevar knytt til fylkeskommunal oppfølgingsteneste (OT) har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle på same vilkår som elevar i vidaregåande skule.

Dersom oppfølgingstenesta for ein elev involverar praksisplass utan løn har eleven rett til skyss, medan løna praksisplass ikkje gjev nokon skyssrett.

## **5 ELEVEN SIN BUSTAD**

### **5.1 Folkeregistrert adresse/ hybel**

Retten til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle gjeld mellom bustad og opplæringsstad. Ein elev si folkeregistrerte adresse vert normalt oppfatta som eleven sin bustad. Dersom eleven bur på hybel vert hybelen rekna som eleven sin bustad.

Elevar som flytter frå hybel til foreldra sin heim i løpet av skuleåret får då rett på gratis skyss eller full skyssgodtgjersle frå foreldra sin heim etter reglar i kapittel 2. Eleven må i så tilfelle seie frå seg eit eventuelt bortebruarstipend. Skulen sender melding til Statens lånekasse.

### **5.2 Heimreiser i helgar og feriar**

Elevar som bur på hybel får ikkje dekt utgifter i samband med reiser til foreldra sin heim i helgar, ferier eller på fridagar.

For funksjonshemma elevar som bur på internat, dekkjer fylkeskommunen inntil 6 heimreiser pr skuleår. Det er ein føresetnad at eleven nyttar det rimelegaste kollektive transportmiddelet. Reiser til/frå ved skulestart/-slutt inngår ikkje i desse heimreisene. Dersom opphaldet ved opplæringsstaden berre omfattar deler av skuleåret, blir talet på heimreiser avkorta tilsvarande.

### **5.3 Delt dagleg omsorg**

Ved delt dagleg omsorg har ein elev rett til skuleskyss frå begge foreldra og til/frå opplæringsstaden etter reglane i kapittel 2. Eleven vert utstyrt med skysskort for begge strekningar.

Delt dagleg omsorg ligg føre når eleven bur like mykje hjå kvar av foreldra, til dømes annankvar veke. Annankvar helg eller ein dag pr veke vert ikkje rekna som delt dagleg omsorg.

### **5.4 Elevar i fosterheim i eige fylke**

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-2 og 13-4

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 13-4

Skyss mellom fosterheim og opplæringsstad vert dekt etter same reglar som skyss mellom ordinær bustad og opplæringsstad.

### **5.5 Elevar i fosterheim i anna fylke**

Kjelde: Opplæringslova §§ 7-2 og 13-4

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 13-4

Skyss mellom fosterheim og opplæringsstad vert dekt som skyss mellom ordinær bustad og opplæringsstad.

Det formelle og økonomiske ansvaret for skuleplass og skuleskyss ligg i det fylket der eleven hadde bustadadresse då vedtak om omsorgsovertaking vart fatta.

## **5.6 Avlastningsheim for funksjonshemma elevar**

Funksjonshemma elevar har rett til naudsynt skuleskyss når dei i periodar oppheldt seg utanfor bustaden sin, som til dømes i avlastningsheim. Sjå elles punkt 4.1 om skyss for elevar med varig funksjonshemming.

## **6 ELEVEN SIN SKULE**

### **6.1 Utdanning i andre fylke**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2

Reglementet gjeld og for elevar heimehøyrande i Sogn og Fjordane som går på skule i andre fylke dersom ein av følgjande føresetnader vert oppfylte:

- a) Eleven går på ei line som ikkje finst i Sogn og Fjordane.
- b) Eleven får ikkje skuletilbod/praksisplass i Sogn og Fjordane.
- c) Eleven går på skule utanom fylket etter avtale med vedkomande fylke.
- d) Eleven, som på dokumentert grunnlag frå lege, tek utdanning i andre fylke.

Søknadsfrist for vidaregåande skule er 1. mars i startåret. Folkeregistrert adresse pr 1. januar er avgjerande for kva fylke som har økonomisk ansvar for skuleplass og skuleskyss det komande skuleåret dersom det ikkje ligg føre særskilde avtaler mellom fylkeskommunane.

Søknad om godtgjersle til dekking av reiseutgifter mellom bustad og opplæringsstad skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune ved regionalavdelinga. Refusjon av reiseutgifter skjer etter at kvart semester er avslutta, som regel i februar og august, på grunnlag av innsendt dokumentasjon over utgiftene i form av billetter og liknande.

### **6.2 Praksis/utplassering**

Kjelde: Opplæringslova § 7-2

Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2

Dersom praksis eller utplassering er ein del av læreplanen eller eit eige tilrettelagt opplegg for den enkelte elev, anten det gjeld faste dagar gjennom heile skuleåret eller konsentrerte praksisperiodar, dekkjer fylkeskommunen skyss mellom bustad og staden for praksis eller utplassering etter same reglar som for dagleg skyss mellom bustad og opplæringsstad.

Elevane skal nytte etablerte skuleruter eller rutegåande skyssmiddel i den grad dette er mogleg. Det vert ikkje gjeve stønad til bruk av eigen bil dersom det er råd å nytte rutegåande skyssmiddel. Fylkeskommunen refunderer ikkje for bruk av ungdomskort i samband med praksis eller utplassering.

Det kan i særskilte høve nyttast drosje til praksis eller utplassering, men dette må avklarast med fylkeskommunen FØR skyssen vert gjennomført.

I samband med praksis eller utplassering vert det ikkje utbetalt stønad til bustadutgifter eller kostutlegg.

Dersom det ikkje er mogleg å få praksis eller utplassering i Sogn og Fjordane, refunderer fylkeskommunen utgifter for reiser til og frå andre fylke etter rimelegaste reisemåte. Avtale om refusjon av utgifter skal vere gjort med fylkeskommunen før reisa til anna fylke finn stad.

Søknad om attendebetalning av reiseutgifter ved praksis eller utplassering skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune ved regionalavdelinga. Refusjon av reiseutgifter skjer fortløpande og etterskotsvis. Ved refusjon for bruk av offentleg transportmiddel må eleven dokumentere utgiftene i form av billetter og liknande. Ved bruk av privat køyretøy må eventuelle tilleggsutgifter som ferje og bompengar dokumenterast.

### **6.3 Undervisning fleire stader**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2

Skulen er ansvarleg for skyss i skuletida ved undervisning i lokale utanfor skuleområdet, til dømes mellom opplæringsstad og symjehall. Undervisning i lokale utanfor skuleområdet omfattar også kurs og seminar som vert halde andre stader.

Fylkeskommunen dekkjer utgifter til køyring frå heim til riding/bading om morgonen, og frå riding/bading og heim etter skuleslutt for funksjonshemma elevar. Kostnader til køyring mellom skule og riding/bading i skuletida er det skulen som må dekkje.

### **6.4 Ekskursjonar/ prosjektoppgåver**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2

Skyss ved ekskursjonar, utfluktar eller liknande i skulen sin regi må den einskilde skule dekkje sjølv. Skulen må også dekkje skyss ved turar i samband med prosjektoppgåver.

## **7 SKYSSTANDARD**

### **7.1 Gangavstand**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2  
Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1

Elevane kan påleggjast ein gangavstand på inntil 4 km frå bustad til næraste påstigingsstad, langs framkomeleg gangveg.

### **7.2 Reisetid og ventetid**

Kjelde: Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-2  
Merknader frå Ot prp nr 46 (1997-98) til § 7-1

For elevar i vidaregåande skule bør reisetid ein veg ikkje overstige 90 minuttar. I særskilde tilfelle kan lengre reisetid måtte akseptast.

Reisetid ein veg vert definert som gangtid mellom bustad og påstigingsstad + ventetid ved påstigingsstad + reisetid frå påstigingsstad til opplæringsstad. Reisetid vert rekna til skulens

normale start- og sluttidspunkt og omfattar såleis ikkje ventetid frå skulens ordinære startidspunkt frem til undervisning startar, eller ventetid mellom då undervisning sluttar og skulens ordinære sluttidspunkt.

## **8 SKYSSKORT**

### **8.1 Søknadsfrist**

Dersom eleven ikkje har meldt skysstrong eller sendt søknad om dekking av utgifter til privat skyss til skulen innan 1. september, taper vedkomande elev eventuell rett til skuleskyss eller skyssgodtgjersle.

I visse høve kan fylkeskommunen gjere unntak frå søknadsfristen:

- a) Elevar som tek til etter ordinær skulestart.
- b) Elevar som tek vidaregåande utdanning i andre fylke.
- c) Elevar som av andre årsaker, som har samanheng med eleven sin studiesituasjon, ikkje har kunna søkt – eller ikkje har hatt trong for skyss tidlegare.

### **8.2 Skysskort**

Elevar som etter reglementet har krav på gratis skyss, skal utstyrt med skysskort mellom bustad og opplæringsstad på grunnlag av innsendt søknad. Skysskortet skal angi rutestrekning og reisetidspunkt.

Dersom ein elev flytter eller sluttar skal eleven levere inn skysskortet sitt og eventuelt få nytt. Skulen gjev melding til dei aktuelle ruteselskapa.

### **8.3 Misbruk av skysskort**

Det er ikkje lov å nytte ein annan elev sitt skysskort. Misbrukte skysskort vert dregne inn og den reisande må betale ein straffetakst tilsvarande det doble av billettaksten, men minimum kr 100. Saka vert meldt til politiet.

### **8.4 Skyss som avvik frå ordinære skuletider**

Elevane har høve til å reise heim med den bussen dei sjølv ønskjer, med unntak av ekspressbussane og nokre andre ruter.

Fleksibel skuleskyss vil seie at heimreisa er ”fleksibel”. Elevane må ikkje lenger reise heim med skulebussen. Dei står fritt til å velje den bussavgangen som høver best, med visse unntak. Ordninga med fleksibel skuleskyss gjeld berre heim frå opplæringsstaden.

## **9 INFORMASJONSPLIKT**

Kjelde: Forvaltningslova § 11

Fylkeskommunen har plikt til å informere elevane i vidaregåande skule om rettane deira i høve skuleskyss. Det er utarbeidd ein faldar med informasjon om skuleskyss som dei vidaregåande skulane skal dele ut til alle sine elevar.

Dei vidaregåande skulane i fylket er ansvarlege for å informere elevane om søknadsfristen for skuleskyss.

## **10 VEDTAK OG KLAGERETT**

Kjelde: Opplæringslova § 15-1

Forvaltningslova §§ 28, 29 og 33

Fylkeskommunen sine avgjerder om elevane sin rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan påklagast etter forvaltningslova kapittel VI. Klagefristen er 3 veker frå den dag melding om vedtaket kom fram til eleven.

Klage på tildeling av gratis skyss eller full skyssgodtgjersle skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune ved regionalavdelinga. Dersom ein klage ikkje vert teke til følge administrativt, skal klagen leggjast fram som sak for fylkesutvalet som klageinstans.

## **11 ØKONOMISK ANSVAR**

Kjelde: Opplæringslova § 13-4

Opplæringslova § 7-2

Fylkeskommunen er i høve elevar i vidaregåande skule ansvarleg for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglar i kapittel 7 i opplæringslova og kapittel 10 i forskrift til opplæringslova.

## **12 SAMORDNING**

Der det er høveleg og økonomisk gunstig skal det vere felles ruter for ordinære passasjerar, elevar i grunnskulen og elevar i den vidaregåande skulen. Kravet om samordning gjeld òg for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke elevar.

Fylkeskommunen kan påleggje elevane ventetid i samsvar med punkt 7.2, dersom dette er naudsynt for å oppnå samordning.

Skulane skal i størst mogleg grad samordne årsplanane og tidene for skulestart og skuleslutt, oppstarting og avslutting av skuleåret, fridagar og feriar for å avgrense tal køyredagar. For å lette samordning lyt skulane så langt som råd følgja framlegg til samordna årsplan frå utdanningsavdelinga hjå fylkesmannen og opplæringsavdelinga hjå fylkeskommunen. Dersom ein skule avvik frå den samordna årsplanen, utan at dette er samordna med andre skular i same skyssregion, må vedkomande skule sjølv dekkje dei auka skysskostnadene avviket medfører.

## 13 ADMINISTRASJON/ ORGANISERING

Fylkeskommunen ved regionalavdelinga har det overordna ansvaret for skyss av elevar i vidaregåande skular, medan ruteselskapa står for den praktiske tilrettelegginga. Rektorane ved dei vidaregåande skulane hjelper regionalavdelinga og ruteselskapa med den praktiske tilrettelegginga av skyssopplegget, mellom anna ved å registrere og gje melding om endringar i trongen for skuleskyss i god tid før nytt skuleår.

Endra skuletider som medfører endring i kunngjorde rutetider skal meldast til regionalavdelinga og ruteselskapa innan 15. januar i det året skuletidene skal endrast.

Det må ikkje rekvirerast særskild skuleskyss utan avtale med regionalavdelinga, likevel med unntak av punkt 4.2.

Hovudutval for samferdsle kan i særskilde tilfelle gje dispensasjon frå reglementet.

Ved tvilstilfelle om tolking av reglementet skal saka leggjast fram for Hovudutval for samferdsle.



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

**Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset  
Askedalen 2  
6863 Leikanger**

**Telefon: 57 65 61 00**

**Telefax: 57 65 61 01**

**Epost: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)**

**[www.sfj.no](http://www.sfj.no)**